

**Lang møteplan**

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) har ordinært møte komande tysdag. Møteplanen er omfattande med tre synfaringar, overrekking av miljøfytårnsertifikat og tolv saker til handsaming. Teknisk etat tek med seg utvalet på syn-

faring på kommunale vegar og til ei sak i Livegen som handlar om frådelling av ei bustadtomt. Sakene gjeld elles stort sett plan- og reguleringsaker. Det skal handsamast forslag om innføring av 50-sone på Livegen, Breskelivegen og Rueguto.

**Tur til Mjelten**

Søndag arrangerer Bø turlag tur på Lifjell. Den går frå Jønnebu, inn Okkladalen og opp på Mjelten. Retur kan bli om Østeinnatten eller sommerløypa langs Sandtjønn. Turen er krevjande og er cirka 18 kilometer lang.

**Tips kánn:**

redaksjon@boblad.no  
Tlf. 35 95 19 45

# Fleirtalet går for Midt-Telemark



## KOMMUNEREFORMA

**70 prosent meiner at det mest naturlege for Bø er å slå seg saman med heile eller deler av Nome og Sauherad dersom det blir ei kommunesamanslåing. Og Bø bør ha kommunehuset.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Bø blad har fått gjennomført ei meningsmåling der me blant anna har spurt bøherinane om kven det er naturleg for Bø kommune å slå seg saman med dersom det blir kommunesamanslåing. Meiningsmålinga er gjennomført av Nordfakta Markedsanalyse 8. og 9. september

Blant dei spurde meiner 42 prosent at det naturlege er å slå seg saman med Nome og Sauherad, dei ein samarbeider tett med i dag i Midt-Telemark.

Det er 16 prosent av dei som er spurde som meiner Sauherad og Lunde er mest naturleg å slå seg saman med, medan 12 prosent føretrekkjer berre Sauherad. Til saman er det 70 prosent som går for ein variant av dagens Midt-Telemark-samarbeid.

Átte prosent svarar ingen og ni prosent svarar veit ikkje, det er totalt 17 prosent av dei 400 som er spurt.

**Lite tru på Lifjell rundt**

Det er berre ein prosent som at meiner ein bør slå seg saman med

berre Nome. Til samanlikning er det er fire prosent som går for ein Lifjell rundt-variant. Her har ikkje Nome blitt med i spørsmålet, men det er lite truleg at det ville gjort så stor forskjell.

Det er heller ikkje mange som tykkjer det er naturleg å ta med Seljord åleine i eit eller anna Midt-Telemark-samarbeid. Ein prosent kan tenkje seg Bø saman med Sauherad og Notodden, elles er det ingen som er interessert i samanslåing med bluesbyen. Lunde og deler av Sauherad får heller ikkje noko stort tilslag.

**Skeptisk til Ulefoss**

Det er mennene som har sterkast tru på eit Midt-Telemark-samarbeid. 48 prosent av mennene meiner at det er det mest naturlege alternativet. Av kvinnene er 37 prosent positive til ei slik samanslåing medan 18 prosent går for eit samarbeid med Sauherad og Lunde og 16 prosent for berre Sauherad. Det er fleire enn blant mennene.

Det kan tyde på at kvinnene ikkje er like positive til å ta med Ulefoss-delen av Nome som mennene er. Om det kjem av den kraftige skepsisen som det ser ut som om mange i Ulefoss har mot å slå seg saman med Bø og Sauherad, er vanskeleg å vite, men lett å tenkje. Kanskje tykker kvinnene at det ikkje er noko poeng med tvangsekteskap.

**Usikre unge**

Av dei under 30 år er det berre 14

prosent som finn det naturleg å slå seg saman med dagens samarbeidspartnarar i Midt-Telemark, Sauherad og Nome. Til saman meiner godt over 53 prosent av dei over 45 år at det bra.

I gruppa under 30 år får dei tre ulike variantar av samanslåing i Midt-Telemark (dvs alle tre kommunane, Bø, Sauherad og Lunde eller Bø og Sauherad) til saman 52 prosent av stemmene. Det er ganske mykje lågare enn dersom ein ser alle grupper samla. Då får desse tre alternativa 70 prosent totalt.

Kvinner og dei under 30 er også mest skeptisk til Lifjell rundt. Dei yngste er i det heile mest usikre på kven Bø skal velje som partnar. Det er 25 prosent av dei under 30 år som svarar veit ikkje, mot berre tre prosent av dei over 60.

Det er også dei yngste som har mest tru på Bø åleine. Blant dei under 30 svarar 10 prosent at det er ingen aktuelle kandidatar å slå Bø saman med, medan 12 prosent svarar det same i gruppa 30 til 44 år. Det er átte prosent i totalutvalet som svarar det dette. Feilmarginen er til samanlikning

**Dagens Midt-Telemark**  
42%

**Bø  
Sauherad  
Lunde**  
16%

**And  
Veit**  
18%

**Ingen**  
8%

på 4,5 prosent, slik at begge er innanfor den.

**Bø bør ha kommunehuset**

Heile 88 prosent av dei som er spurde meiner Bø bør ha kommunehuset i ei eventuell storkommune. Absolutt høgaste andel for kommunehuset i Bø har gruppa under 30 år, det er dei same som var minst for samanslåing og mest usikre.

I denne gruppa meiner 96 prosent at kommunehuset bør ligge i Bø. 93 prosent av Høgre-veljarane meiner det same. Lågast av partigruppene kjem Senterpartiet med 78 prosent for Bø-lokalisering.

Blant dei som ikkje veit kva parti dei ville stemt på svarar 76 prosent Bø. Kvinner og menn er relativt samstemte respektive 89 prosent og 87 prosent for Bø. Dei over seksti er litt mindre patriotiske, 82 prosent svarar Bø, medan 11 prosent er usikre.